
Saksnr: 2022/43283-2
Saksbehandlar: Einar Atle Årdalsbakke

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.04.2022
Fylkesutvalet		03.05.2022

Høyringsssvar – forslag til endring av regelverk for eingongsavgift for drosjebilar som er tilpassa rullestolbrukarar

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune er positive til Høyringsforslaget som inneber delvis fritak frå eingongsavgifta for køyretøy i drosjenæringa som er tilpassa rullestolbrukarar. Vestland fylkeskommune ynskjer derimot at heile eingongsavgifta blir teke vekk ved førstegangs-registrering av personbildrosjer som er tilpassa rullestolbrukarar.

Samandrag

Det er i denne høyringa foreslått å innføre eigen avgiftsgruppe for drosjebilar med inntil 9 seter. Denne avgiftsgruppa er tenkt å kunne gje ei lette på eingongsavgifta tilsvarande tidlegare ordning, der ein kunne få opptil 60 % avgiftslette på eingongsavgifta ved kjøp av ny personbildrosje. Vestland fylkeskommune ønskjer derimot at heile eingongsavgifta bør takast vekk for personbildrosjer.

Eksempel er at køyretøy/ buss med meir en 10 sitjeplassar og lengde på meir enn 6 meter unnateke eingongsavgifta. Dersom forslaget skal få størst nytte/ effekt bør heile eingongsavgifta for personbildrosje som er lagd for å transportere rullestolbrukarar fjernast. Ettersom det liten mengde av desse køyretøya vil det medføre liten økonomisk konsekvens for staten. Gevinsten er at vi får fleire tilrettelagde køyretøy samt klare å oppretthalde det nødvendige behovet for slike køyretøy.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør
Mobilitet og kollektivtransport (MOK)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På vegne av Finansdepartementet har Skattedirektoratet sendt på høyring forslag til endringar i Stortingets avgiftsvedtak og forskrift av 19. mars 2001, nr. 268 om eingongsavgift på motorvogner.

Høyringsforslaget omhandlar forslag til innføring av ny avgiftsgruppe for personbilar i drosjetrafikk som er bygd for å transportere rullestolbrukarar. Den nye avgiftsgruppa skal ha lågare avgiftssatsar for personbilar som tilhøyrar avgiftsgruppe a og som transporterar rullestolbrukarar. Dette forutset endringar i Stortingets avgiftsvedtak om eingongsavgift § 2 og forskrift om eingongsavgift på motorvogner § 4-6.

Eingongsavgifta blir betalt når køyretøyet skal registrerast i Statens vegvesens sitt køyretøyregister for første gang. Avgifta tilleggjast dei fleste typar køyretøy unnateke store lastebilar og bussar med lengde på seks meter eller meir. Køyretøya er delt inn i ni avgiftsgrupper med til dels ulike satsar og berekningsgrunnlag.

Personbilar til bruk i drosjetrafikk var tidlegare plassert i eiga avgiftsgruppe h med mindre eingongsavgift enn ordinære personbilar i avgiftsgruppe a. Ordninga med nedsett eingongsavgift for personbilar i drosjetrafikk vart avvikla for køyretøy som vart første- gangs registrert i Norge frå og med 1. januar 2019.

Det foreslås i denne høyringa å gjeninnføre tidlegare ordning med redusert eingongsavgift personbildrosjer som er tilpasset for transport av rullestolbrukarar.

Personbilar som kan transportere rullestolbrukarar har ofte anna utforming enn dei fleste personbilar som går i vanleg drosjetrafikk. Det vil være større/tyngre og vil dermed få høgre eingongsavgift i dagens system.

I forhold til personbilar er det i dag mindre eller ingen eingongsavgift for buss, herunder buss som transporterar rullestolbrukarar. Buss med lengde mindre enn 6 meter vil vere delvis avgiftsbelagt i avgiftsgruppe j. Ifølge Stortingets avgiftsvedtak § 7 bokstav j nr. 1. står der at busser med lengde 6 meter eller meir ikkje er omfatta av eingongsavgifta. Dvs. at uavhengig av bruksområde ikkje kan krevjast eingongsavgift for slike køyretøy.

Det foreslås i høyringsforslaget ei ordning med lågare eingongsavgift enn for ordinære personbilar, for personbilar i drosjetrafikk som transporterar rullestolbrukarar.

Denne avgiftsgruppa foreslås avgrensa på følgjande måte:

- Motorvogn må vere klassifisert som personbil/ M1.
- Motorvogn må vere registrert på innehavar av drosjeløyve.
- Motorvogn må vere utrusta for transport av rullestolbrukarar.
- Motorvogn må vere godkjent etter forskrift om universell utforming.

Det er ikkje forventa at høyringsforslaget medfører konsekvensar av vesentleg betydning for provenyet. Grunnen er at ordninga er anteke å omfatte eit fåtal køyretøy pr. år. Det er ein forventning at slike køyretøy både vil bli anskaffa i staden for ordinære personbiler med bl.a. heil eingongsavgift og buss med lågare eller ingen eingongsavgift.

Utifrå eingongavgifta får ein fritak for inntil 60% av den totale eingongsavgifts-summen for dei elementa som ikkje er omfatta av co2 krav. Dvs. at resterande 40% kan vere omfatta av co2 krav/ avgift.

Den avgiftsmessige handteringa av slike køyretøy når personbildrosjene blir teke ut av teneste som drosje og seld vil og vere ivareteke slik det er forma i høyringsforslaget. I Høyringsforslaget er det nemnt at den tidlegare avgiftsgruppa h hadde ei ordning med tre års bindingstid. Dvs. at drosjebilen

er «frikjørt» etter tre år, og at forholdsmessig restavgift må betalast dersom køyretøyet blir teke ut av bruk som drosje før det er gått tre år. Det er foreslått å ta innatt denne regelen ved å foreta endringar av forskrift om engangsavgift § 4-6 første ledd.

Eventuelle økonomiske og administrative konsekvensar for næringsliv/brukere

I høyringsforslaget står der at personbiler som transporterer rullestolbrukere, vil kunne være mindre i størrelse og ha lavere driftskostnader enn dei bussane som benyttast til slik transport. Det vil kunne benyttast sjåfør med vanleg personbil-førarkort. Tilgang på eigna sjåførar kan dermed bli større.

Vestland fylkeskommune ser at ved overgang til heilelektrisk el-bil med heis og rullestolrampe kan vekten på el-bile bli høg, og i enkelte tilfelle medføre at ein må ha førarkort klasse c1 for å kunne lovleg føre køyretøyet. El- bilen pr. d.d. er ofte tyngre enn dei tradisjonelle bilane som går på fossilt drivstoff.

I høyringsnotatet står det at ein antar at redusert engangsavgift på personbildrosjer ment for transport av rullestol vil påvirke hvilke kjøretøy som blir valgt i markedet. Det kan blant annet forventes at man i større grad vil velge biler i personbilkategorien framfor større busser, noko som kan være positivt dersom ein får køyretøy med mindre utslepp og som er betre egna til dei konkrete transportoppdrag som skal løysast. I høyringsnotatet står det vidare at det kan forventast at redusert avgift vil gjere slike køyretøy meir aktuelle som alternativ til å anskaffe eit nullutslepps-køyretøy, noko som er ein mindre heldig konsekvens.

I Vestland er dei største utfordringane, knytt til bilar som kan ombyggast til å transportere rullestolrullestol, ute i distriktet. Pr. d.d. er det ei fåtal køyretøy som kan nyttast til transport i distrikta. Dette gjeld køyretøy som går på el. og fossilt brennstoff. Pr. d.d. er det kva køyretøy som faktisk er egna til transport i distrikta og ikkje om køyretøyet går på el eller fossilt drivstoff, som er avgjerande.

Vestland blir det prioritert utbygging av ladepunkt for el- bil langs dei fleste vegstrekningane (Europaveg og fylkesvegar). Målet er at alle skal kunne køyre el bil i Vestland men fortsatt ser vi ein del utfordringar knytt til el- køyretøy i samband med transport av rullestolbrukarar. I mange tilfelle blir det nytta større køyretøy som turvogn med 10 – 17 sitjeplassar når ein køyrer lengre strekningar for å samle opp kundar. Eit døme er pasientkøyring mellom sjukehus og distrikt. Slike køyretøy som i tillegg har ei lengde på over 6 meter slepp eingongsavgifta. Slik avgiftsforskjel kan medføre at enkelte vel å kjøp inn buss/ turvogn med 10 – 17 seter i staden for persondrosjebil. Vi anbefal Finansdepartementet å lette heile eingongsavgifta for persondrosjebilane som er bygd for å transportere rullestolbrukarar.

Vurderingar og verknader

I høyringa er det foreslått å gjere følgjande endringar:

«I Stortingets vedtak om engangsavgift § 2 foreslås ny avgiftsgruppe med følgende beskrivelse:

Personbiler som er tilpasset for og benyttes til transport av rullestolbrukere, er registrert på innehaver av løyve etter yrkestransportlova § 9, og er godkjent etter forskrift 3 desember 2009 nr. 1438 om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.

I forskrift om engangsavgift § 4-6 første ledd gjøres følgende endringer:

For personbil registrert før 1. januar 2019 på løyveinnehaver til bruk som ordinær drosje eller til transport av funksjonshemmede, skal det innbetales et tilleggsbeløp dersom nevnte bruk av motorvognen opphører før tre år regnet fra registreringen. Det samme gjelder for personbil registrert dd.mm.åååå eller senere som er tilpasset for og benyttes til transport av rullestolbrukere, er registrert på innehaver av løyve etter yrkestransportlova § 9, og er godkjent etter forskrift 3 desember 2009 nr. 1438 om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.»

Det er i denne høyringa foreslått å redusere eingongsavgifta slik som den var før år 2019. Dvs. *fritak for inntil 60% av den totale eingongsavgifts-summen for dei elementa som ikkje er omfatta av co2 krav. Dvs. at resterande 40% kan vere omfatta av co2 krav/ avgift.*

Vestland fylkeskommune foreslår å fjerne heile eingongsavgifta for personbildrosje (M1) som er tilpassa rullestolbrukarar.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse for alle høyrings saker, jfr. delegeringsreglementet for Fylkesutvalet pkt 7.

Økonomi:

Ingen kjente faktorar.

Klima:

Ingen kjente faktorar som kan påverke eller betre klima.

Folkehelse:

Ingen kjente faktorar som kan påverke eller betre folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Forslag om å lempe på eingongsavgifta ved anskaffelse av køyretøy i drosjenæringa som er tilpassa rullestolbrukar bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland. Vidare vil det bli meir attraktivt å anskaffe slike køyretøy som og har meirverdi for dei svake i samfunnet samt dei som brukar rullestol.

Konklusjon

Fylkesutvalet vedtek uttalen frå Vestland fylkeskommune slik han ligg føre.